



Orientering til føresette og spørsmål om samtykke til deltaking i undersøking. Helsevanar blant skuleelevar. Ei WHO undersøking i fleire land

Bakgrunn og formål

Formålet med denne undersøkinga, er å kartleggja faktorane som fremjar god utvikling i helse og livstilfredsheit blant barn og unge, samt å finna fram til tiltak som kan skapa ein helsepositiv livsstil og auka helsemedvit i yngre alder.

Undersøkinga blir gjennomført i over 40 andre land, dei fleste i Europa. Verdas helseorganisasjon (WHO) står bak prosjektet, og HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen, er ansvarleg for undersøkinga i Noreg. Tilsvarende undersøkingar har blitt gjennomført kvart fjerde år sidan 1985.

Informasjonen vil bli nytta til forskning og til å laga rapportar og analysar for WHO og norske helse- og utdanningsstyresmakter. WHO er interessert i å kartleggja på tvers av land, medan norske helse- og utdanningsstyresmakter nyttar resultatata til å utvikla politikk og tiltak som kan fremja helse og trivnad blant barn og unge.

Skulen der ditt barn er elev, er trekt ut for å bli med i undersøkinga. Undersøkinga blir gjennomført på skuler frå alle deler av landet blant elevar på 6., 8. og 10. klasseteg, samt blant elevar på fyrste årssteg i vidaregåande skule. Totalt vil omlag 7 000 elevar delta.

Kva inneber det å delta i studien?

Me ber om samtykke til at ditt barn kan fylla ut eit elektronisk spørjeskjema. Det skal fyllast ut på skulen i løpet av ein skuletime. Korkje andre elevar eller læraren, vil få vita kva ditt barn svarar. Skjemaet inneheld mellom anna spørsmål om matvanar, fysisk aktivitet, røyking, skuletrivnad og helse. Spørjeskjemaet inneheld også eit par spørsmål som gjeld foreldra, mellom anna om yrkesaktivitet og sosioøkonomisk status. Heile spørjeskjemaet er tilgjengeleg frå fylgjande nettside: <http://www.uib.no/helsevaner>

Kva skjer med informasjonen om eleven?

Alle personopplysningar vil bli handsama konfidensielt. Spørjeskjemaet inneheld ingen spørsmål som identifiserer eleven direkte. Skulen er identifisert i datafila med ein kode. Så lenge datainnsamlinga pågår, vil prosjektgruppa kunna kopla på skulenamn. Slik kopling vil berre bli gjort i samband med purring til skulane, og skulenamn vil aldri bli lagra saman med elevdata. Prosjektgruppa ved HEMIL-senteret lagrar koplingslista med skulekode og skulenamn på eit tilgangsregulert nettverksområde. Når datainnsamlinga er ferdig sommaren 2018, vil koplingslista bli sletta og datafila bli gjennomgått slik at det ferdige datasettet er heilt anonymt.

Friviljug deltaking

Ditt barn kan ikkje delta utan ditt samtykke. Sjølv om samtykke er gjeve, kan barnet sjølv velja ikkje å delta.

Studien er meldt til Personvernombodet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS og Regional etisk komité.

Tilbakemelding til lærar

Me ber om at du gjev ditt eventuelle samtykke ved å melde at det er OK at ditt barn kan delta i undersøkinga til kontaktlærar. Du kan gje denne meldinga med e-post, SMS eller munnleg til kontaktlærar.

Med venleg helsing
Oddrun Samdal
Professor